

Vandring i bedehusland

- ei kulturhistorisk reise med glimt i auge

Velkomen til Finnøy – perlå i Ryfylke. Bli med underhaldarane og omvisarane **Arne Nordbø** og **Tor Øyvind Skeiseid** på ein spesiell dagstur med tomatar, middelalderstemning og bedehushumor på jordnært vis. Her er ei skildring av korleis ein tur til Finnøy KAN vera:

Program:

Lauvsnes Gartneri. 28 år gamle Jan Terje Vignes har 15 mål med tomatar! Bli med inn i eit 11.000 kvadratmeter stort drivhus med cherrytomatar og Juanita (honningcherry). Her får de smaka tomatar, samt ei spennande orientering og omvising om korleis Finnøy Cherry-produksjonen fungerer. Dessutan serverer me gongkaker og tomatsyltetøy til lunsj(!). Dette er verkeleg ei lokal matoppleving! Og du blir mett. Høve for handel av tomatar og syltetøy.

Hesby Kyrkje, med historisk sus og spennande forteljingar. Mektige menn har regjert på Finnøy. Ja Norge blei styrt herifrå på 1300-talet, og det legg me ikkje skjul på! Bli kjent med den vakre middelalderkyrkja gjennom levande forteljingar, historiske hendingar og segn. Sjå opp for julestemning...

Me er på bedehusøya Finnøy. Og i bedehuset **Bethel** får me vera med på ei rotekte vandring i bedehusland, med tale, basar og song. Bethel er det eldste bedehuset i Ryfylke, som framleis står og som er i bruk. Og det er me stolte over! Bli med på ein variert og humorfylt reise i den ryfylkske bedehuskulturen gjennom 150 år. Høgdepunktet for mange.

Middag, dessert og kaffi på Utsyn Ungdomssenter. Her både utsikten, maten og lokala av beste merke! Ja de forstår kvifor plassen heiter *Utsyn*. Og leirplassen serverer mat, som hotellkokkar ikkje klarar å etterlikna.

I tillegg kan de velja besøk av ein eller fleire andre stader:

A) Sølvsmeden på Finnøy. I innbydande lokale, tar ekteparet Folke og Bjørg-Helen Helle imot oss. Her blir me med inn i verkstaden, og får sjå korleis produksjon av bunadssølv og kongekjeder blir til. Kaffi og twist står klar. Og her er det mogleg å gjera ein god handel.

B) Vignes Festning "Panther". Tyskarane bygde festning her frå 1941. Her kan folk bli med både gjennom 80 meter tunnell + utpå kanonstillingar med fabelaktig utsikt. Høyr spennande historier frå krigskvardagen, ikkje minst av munter karakter.

C) Til våren er utvandrarskipet "Restauration" ferdigbygd. Ryfylke Trebåtbyggjeri har stått for bygging i vel to år. Men korleis byggjer dei ein slik båt, og kva elles skjer på tråbyggjeriet, som er det einaste i sitt slag i Ryfylke? Kaffi høyrer med.

D) Røykelaksen i Rygjabø vidaregåande skole sin **fiskebutikk** er ettertrakta. Først får de høyra historia "husmorskulen som blei fiskerifagleg senter og overtok meieriet", før me snurrar film!. Så er det lov å la seg begeistra av utvalet i den intime fiskebutikken på Finnøy.

E) Det minste bedehuset på Finnøy, er atypisk for øya. For på **Sion** held **pinsevenene** til. Ei pitte lita rørsle med knapt 10 personar. Arne Nordbø har vakse opp her. Bli med inn, og til morosame, rørende og særmerkte historier. Eit eksotisk stopp på Finnøy.

F) Tradisjonsbakeriet lokkar med nysteikte brød frå steinovn! Ekteparet Grethe og Bengt Jacob Rode, med røter frå Finnøy, reiser til øynå kvar helg og bakar brød. Sjå den flotte steinommen, smak brøda og ja – sjølvsgat får de høve til å kjøpa med rykande ferske brød.

G) Kaihuset på Judaberg er over 120 år, og var krambu og reiskapslager. Her fekk du både olje, parafin, hakker, dynamitt m.m. Og mannfolka målte krefter med å løfta mjølsekker. Nå er kaihuset butikk og bruktmeknad, med ryfylkeprodukt som både kan etast og brukast.

Middag:

Me likar godt å dra til Utsyn Ungdomssenter, der me mellom anna kan tilby følgjande middagsrettar:

- 1) Omnsbakt laks frå lokalt slakteri. Filetert og beinfri. Poteter, agurksalat, raspa gulerøtter, rømme og smør.
- 2) Bedehusgryte. Gryterett med oksekjøtt, brokkoli, gulrøter, sjampinjong, m.m. + poteter, frisk salat og tyttebær.
- 3) Kalkunbryst - med poteter, gulerøter, brokkoli, tyttebær og med saus av beste merke.

Dessert og kaffi/te følgjer med. Til dessert kan de velja mellom:

- 1) Heimelaga karamellpudding
- 2) Varme bjørnebær og is. Bjørnebæra er store og saftige bær frå naboøya Halsnøy